

## Saksutredning:

### KULTURUTREDNINGEN 2013 (NOU 2013:4)

---

**Trykte vedlegg:**

Utredning av Georg Arnestad

**Utrykte vedlegg:**

---

#### Bakgrunn:

##### NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014 (Enger-utvalet)

Enger-utvalet vart oppnemnt ved kongeleg resolusjon 18. mars 2011. Utvalet sitt mandat var å gå gjennom og vurdere kulturpolitikken etter 2005. Utvalet la fram sin rapport som *NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014* 4. mars 2013.

Kulturdepartementet har sendt rapporten på høyring med frist 1. juli 2013.

#### Lenke:

<http://www.regjeringen.no/pages/38245616/PDFS/NOU201320130004000DDDPDF S.pdf>

Utgangspunktet for utvalet sitt arbeid har vore å gå gjennom og vurdere kulturpolitikken etter 2005; altså periodane med kulturløft 1 og 2. Bakgrunnen for kulturløfta har vore ei oppfatning av kultursektoren som underfinansiert om ein skulle nå dei forventa måla for sektoren, og eit mål om 1% av statsbudsjettet burde gå til kultur innan 2014.

Utvalet har gjort eit omfattande og grundig analyse- og vurderingsarbeid. I tillegg til å sjå på korleis dei to kulturløfta har prioritert ulike felt innan kulturpolitikken, så har utvalet også sett på lokal/regional kontra sentral vedtaksmynde, rolle- og funksjonsfordeling mellom kunst- og kulturfaglege og politiske avgjerdstakarar, mangfald, samspel mellom kulturpolitikken og andre samfunnsområde, frivillig sektor si rolle, og utviklinga i geografisk fordeling av kulturmidlar.

Utvalet har konsentrert arbeidet sitt inn mot det dei kallar «ytringskulturen», dvs. musikk, kunst, scenekunst, film, allmenne kulturføremål, språk, litteratur, museum, arkiv, m.m.

Idrett og media har ikkje vore del av utvalet sitt arbeid.

Hovudfunna i utgreiinga er knytt til at dei registrerer ei nedprioritering av det dei kallar den kulturelle grunnmuren i kommunane; dvs. folkebibliotek, kulturskular, frivillig arbeid, m.m. Lokalt har ressursinnsatsen vore sett inn i høve kulturbygg, idrettsanlegg, idrett og «begivenhetskultur» (festivalar, m.m.). Dei meiner også å

kunne dokumentere at kulturinstitusjonar på regionalt nivå har vore prioriterte gjennom kulturløft 1 og 2.

Utvalet sine hovudtilrådingar for kulturpolitikken etter 2014 er todelt:

- 1) Satse på eit lokalt kulturløft der folkebibliotek, kulturskular, dirigentordning for kor og korps og øvings- og framføringslokalar for det lokale kulturlivet vert prioritert.
- 2) Statleg kulturpolitikk må i åra framover prioritere kulturelt innhald og kunstnarisk kvalitet framfor å bygge infrastruktur.

Fylkesrådmannen har fått gjennomført ein analyse av vestlandskulturen (jf vedlegg) der vi har sett på:

- Løyvingar til kultur i kommunane i dei fire vestlandsfylka
- Løyvingar til kultur i dei fire fylkeskommunane på Vestlandet
- Statlege løyvingar til kultur i dei fire vestlandsfylka

### **Saksframstilling:**

#### Politisk plattform

Om kultur er det sagt følgjande i Politisk plattform for 2012-2015:

#### «Sikre kulturelt regionalpolitisk handlingsrom»

Det blir arbeidd med fleire sentrale prosessar nasjonalt som vil bety mykje for framtidig kulturpolitikk. Vestlandsrådet vil arbeide for å sikre eit kulturelt regionalpolitisk handlingsrom, og at sentrale kulturinstitusjoner og –tiltak på Vestlandet blir prioriterte og gjennom det spele ei aktiv rolle i utforminga av norsk kulturpolitikk.

Med utgangspunkt i formuleringane i politisk plattform for Vestlandsrådet, vil fylkesrådmannen fokusere på følgjande områder som er relevante for regional politikk:

- I. Verdien av kulturpolitikk
- II. Den kulturelle grunnmuren
- III. Ein regionalisert kulturpolitikk
- IV. FOU
- V. Utviklingstrekk som er særlege for Vestlandet

## VI. Oppsummering/konklusjon

### I. Verdien av kulturpolitikk

Enger-utvalet drøftar nokså inngåande verdien av kulturpolitikken («kulturpolitikken berettigelse») med hovudfokus på kulturen sin eigenverdi. Denne skal ligge til grunn for kulturpolitikken, og utvalet skisserer følgjande nasjonale mål for kulturpolitikken:

- Demokrati
- Rettferd
- Mangfald

Desse forslaga til nasjonale mål for kulturpolitikken er også eit godt utgangspunkt for å kunne arbeide vidare med å konkretisere Vestlandsrådet si kulturpolitiske plattform.

Etter fylkesrådmannen si vurdering leverer utgreiinga gode argument for ein offentlig kulturpolitikk, og set kultursatsingar inn i eit utviklings- og danningsspektiv, og som grunnlag for ei positiv samfunnsutvikling.

### II. Den kulturelle grunnmuren

Enger-utvalet slår fast at lokalt kulturliv ikkje har hatt same økonomiske vekststimulans som nasjonalt og regionalt kulturliv. Dei ser ei prioritering av midlar inn mot idrett, idrettsanlegg og kulturbygg. Den kulturelle grunnmuren; definert som folkebibliotek, kulturskule, kyrkja og frivillig sektor har sakka akterut når det gjeld å ta del i det økonomiske løftet som dei to kulturløfta har representert. Enger-utvalet ser på den kulturelle infrastrukturen som ein viktig føresetnad for eit levande demokrati.

Utvalet leverer ein sterk argumentasjon for lokalkulturen sin posisjon, både som eigenverdi og som instrument for effekt på andre samfunnsområder. Fylkesrådmannen ønskjer ikkje å gå inn i dei kommunale prioriteringane, og vil i denne omgang avgrense seg til å gje støtte til tanken om eit løft for den kulturelle grunnmuren. Fylkesrådmannen vil streke under den grunnleggjande verdien av eit aktivt lokalt kulturliv som er basert på kvalitet.

Om ein så ser på korleis eit lokalt kulturløft kan realiserast, er dette gjenstand for ein viss grad av spenning. Er det forventa at kommunane gjer omprioriteringar innan dagens rammer, skal staten gå inn og øymerke midlar til denne typen satsing slik utvalet ber om vert vurdert, eller vil måloppnåinga la seg realisere gjennom ein generell auke kommunane sin rammeløyving? Fylkesrådmannen ser at her er det duka for debatt og spenningar i synet mellom kommunane og kulturlivet. Dette kan

også vere vitaliserande for debatten. Truleg kjem ein lengst i måloppnåinga i høve eit lokalt kulturløft om staten og kommunane v/KS går i dialog, og finn måtar å gjere dette på som tek i vare begge partar sine behov.

### **III. Ein regionalisert kulturpolitikk**

#### ***Politisk plattform***

I Vestlandsrådet sin politiske plattform er det å motverke ei sentralisering av kulturpolitikken og arbeidet for fleire større kultursatsingar til regionane sentrale punkt. Sjølv om Enger-utvalet ikkje har dette fokuset i sitt arbeid vil fylkesrådmannen seie seg nøgd med den vektlegginga utgreiinga har på kulturens regionale utviklarrolle og på kulturens grunnleggjande tyding for utviklinga av demokratiet og det utgreiinga kallar ytringskulturen.

#### ***Mangelfull kommunikasjon og dialog***

Kulturutgreiinga peikar på ein mangelfull kommunikasjon og dialog mellom statlege og regionale og lokale styresmakter. Fylkesrådmannen seier seg samd med utgreiinga i at det bør vere ei prioritert oppgåve i åra som kjem å utvikle samarbeidsformer på kulturområdet mellom fylkeskommunar og kommunane. Fylkeskommunane har samfunnsutviklarrolla som eit av sine viktige samfunnsoppdrag, og særleg for små og mellomstore kommunar er fylkeskommunens kompetanse avgjerande for kulturutviklinga. Eit betre samspel mellom ulike nivå og ulike virkemiddel vil gje synergieffektar og vere avgjerande for fortsatt vekst og utvikling på kulturfeltet. Det må arbeidast vidare med å utvikle ein systematisert dialog mellom forvaltningsnivåa på kulturfeltet.

#### ***Nasjonalt verdiskapingspotensiale er ikkje teke ut***

Det er avgjerande å synleggjere dei kulturpolitiske utfordringane regionen har på grunn av den sterke sentraliseringa i kulturpolitikken, med ei opphoping av makt og midlar i hovudstaden. Den sterke satsinga på Oslo som hovudarena for den statlege kultursatsinga er med og utarmar det regionale kulturarbeidet, og svekker dermed det nasjonale mangfaldet sterke og ulike regionar kan framvise. Eit godt utvikla lokalt og regionalt kulturliv er viktig for utviklinga av og legitimiteten for ein sterk nasjonal kulturpolitikk. Det er grunn til å hevde at ein konsekvens av den sterke sentraliseringa er at det nasjonale verdiskapingspotensialet ikkje er teke ut, korkje nasjonalt eller internasjonalt. Eit viktig siktemål for den statlege kulturpolitikken bør vere å identifisere område dei ulike regionane kan posisjonere seg på nasjonalt og internasjonalt.

#### ***Manglande strategiar for kulturelle kraftsentra i heile landet***

Fylkesrådmannen meiner at Noreg treng ei sterk satsing på og profilering av nasjonal kultur i hovudstaden, men vil påpeike at Noreg treng fleire nasjonale kraftsentra i kulturpolitikken, som også byr Oslomiljøet konkurranse. Det bør

utviklast ein strategi som legg til rette for at dei sterke kompetansemiljøa i byane knytt til dei større kunst- og kulturinstitusjonane kan vere motor for kulturutviklinga i regionane. I ein slik strategi bør lokalisering av nasjonale kulturinstitusjonar utanfor Oslo vere eit av verkemidla. Fylkesrådmannen vil i den samanheng peike på at utgreiinga manglar ei drøfting av strategiar for å sikre kulturelle kraftsentra over heile landet. Fylkesrådmannen sluttar seg til dei vurderingane som går på å vri fokus frå infrastruktur til innhaldet i kulturinstitusjonane. Dialog med den enkelte institusjon om deira samfunnsoppdrag bør ha fokus på korleis den enkelte institusjon kan bidra til regional og nasjonal variasjon i kulturtilbodet, kulturelt innhald, kunstnarisk kvalitet og publikum.

### ***Norsk Kulturråd si rolle***

Kulturutgreiinga 2014 gir ein grundig gjennomgang av Norsk Kulturråd si rolle og utvikling frå etableringa i 1965 og fram til i dag. Siste endringa vart gjort i 2009 då rådet gjekk frå å vere samansett både med kulturfagleg og kulturpolitisk kompetanse til å bli eit reint kulturfagleg råd. Dette grepet var omdiskutert politisk og har også i ettertid tidvis skapt debatt. Vidare har det vore uklar oppfatning om oppgåve og rollefordeling mellom rådet og rådet sin administrasjon. Denne uklare oppfatninga kjem til uttrykk både generelt og spesielt knytt til forvaltning av kulturfondet og post 74 (årlege tilskot til ei rekkje enkelttiltak/verksemder innan heile kunst- og kulturfeltet, m.a. ei rekkje regionale tiltak).

Norsk Kulturråd har blitt oppfatta som Oslo-sentrert blant kulturaktørar i heile landet. Dette har ført til ein politisk debatt om mogleg desentralisering av Kulturrådet. Statistikk over m.a. fylkesvise fordelingar frå Norsk Kulturråd viser sterkt sentraliserte trekk i høve til korleis tilskota er fordelte utover landet. Store løyvingar er gitt i Oslo og i sentralt austland medan fleire fylke nesten er utan løyvingar frå rådet.

Kulturutgreiinga streker under kor viktig det er å oppretthalde og styrke den kulturelle infrastrukturen som ein viktig føresetnad for eit levande demokrati. Kunst og kultur er ulikt fordelt i befolkninga. Kulturpolitikken skal bidra til eit meir rettferdig kulturliv og såleis utvide mangfaldet i kulturlivet. Den kreative krafta ligg nettopp i mangfaldet.

Kulturutgreiinga viser mange eksempel på korleis viktige reformer og nye nasjonale kulturfaglege og kulturpolitiske tiltak har blitt skapt og utvikla til å bli nasjonale ved å vekse nedanfrå, slik som musikk-/kulturskulane og den kulturelle skulesekken for å nemne nokre.

### ***Oppdeling i regionale kulturfond***

Fylkesrådmannen er på denne bakgrunn kritisk til den sterke posisjonen Norsk Kulturråd har fått som forvaltar av økonomiske virkemiddel, og meiner det må

vurderast tiltak som på ein betre måte sikrar at midlane kjem kulturutviklinga i heile landet til gode; t.d. om heile eller deler av fondet vert delt opp i regionale kulturfond der det kan takst inn regionalt tilpassa kriterier og prioriteringar.

### ***Forsøk på Vestlandet***

Som eit forsøk på å motverke sentraliseringa innan norsk kulturpolitikk bør Vestlandsrådet ta mål av seg til å gå i dialog med staten og KS om eit forsøk på Vestlandet der forvaltninga av statlege økonomiske verkemiddel vert regionalisert. I ein slikt forsøk må det utviklast eigne kriteriesett for å utvikle Vestlandskulturen, og kulturlivet på Vestlandet må inkluderast i prosessane. Utan å gå i detalj no, kan det vere relevant å peike på at innan område som bibliotek, kulturminnevern, musikk, frivillig sektor, m.m. kan det vere grunnlag for å drøfte regionalisering/desentralisering av forvaltning av verkemiddel.

Eit felt som kan nemnast spesielt, er filmfeltet. Sjølv med sterke og innovative regionale filmsentra vert storparten av dei offentlege midlane til film forvalta sentralt. Vestlandsrådet har alt sett igong arbeidet med ei eiga filmmelding for Vestlandet. Fylkesrådmannen ser at dette kan vere eit kulturpolitisk område ein kan følgje opp med tanke på sterkare grad av regionalisering. Dette kan vere ei naturleg oppfølging når filmmeldinga ligg klar.

## **IV. FOU**

Utvalet peiker på at arbeidet innan kulturfeltet i mindre grad enn andre felt er basert på kunnskap. Kulturfeltet er ein viktig del av samfunnsutviklinga, både på individ og strukturnivå. En treng soleis kunnskap om strukturar, korleis, kva og kven. Fylkesrådmannen vil slutte seg til at regjeringa arbeider vidare med å utvikle ein kunnskapsbasert kulturpolitikk. Fylkesrådmannen gir også tilslutning til forslaget om ei betydeleg opptrapping av forskingsinnsatsen på kunst- og kulturpolitikken gjennom etablering av eit forskingssenter for kultursektorforskning. Det bør vere ei koordinert nettverkssatsing på denne type forskning. Det er viktig at fleire miljø vert utfordra til å bidra gjennom at det vert etablert programsatsingar innan ulike deler av kulturfeltet.

## **V. Utviklingstrekk for Vestlandet**

Georg Arnestad (se eget vedlegg) har utarbeidd statistikkgrunnlag for kulturutgreiinga. Han har også på oppdrag frå fylkesrådmannen utarbeidd særleg statistikk for dei 4 vestlandsfylka, jf vedlegg. Det er verdt å merkje seg at så vel kronesummar pr innbyggjar som prosentvis endring også må sjåast opp mot reelle tal. Dette vil særleg slå inn når ein ser på statlege løyvingar til kulturføremål i fylka.

### ***Kommunale utgifter til kultur***

Veksten i dei kommunale driftsutgiftene er skeivt fordelt mellom dei ulike postane på kulturbudsjettet. Det har vore sterk vekst i utgiftene til idrett og kommunale idrettsbygg og til kulturbygg. Dei klare taparane i den kommunale kultursektor er aktivitetstilbod til barn og unge og folkebibliotek. Her har det faktisk vore ein realnedgang i utgiftene.

Når det gjeld samleposten «Andre kulturaktivitetar» har det vore ein betydeleg tilbakegang i utgiftene i vestlandskommunane. Det tyder på den såkalla «begivenhetskulturen» ikkje er nokon vinnar i våre fylke, slik det går fram av Enger-utvalets innstilling.

### ***Fylkeskommunale kulturutgifter***

Enger-utvalet omtalar kulturområdet som «budsjettapar» innanfor fylkeskommunen for perioden 2002-2010. Dette blant anna fordi veksten i frie inntekter pr. innbyggjar har vore betydeleg større enn veksten i netto driftsutgifter til kultur. Likevel har fylkeskommunane i periferien lenge vore dei som har hatt høgast kulturutgifter. Enger-utvalet kallar dette eit «omvendt sentrum-periferi-mønster»

Utvalet konstaterer at det på fylkesnivå har vore store variasjonar i utgiftene til ulike typar kulturformål frå år til år. Generelt har likevel fylkeskommunane under eitt brukt «nokså små andeler av kulturbudsjettene på kulturvernformål, bibliotekformål og idrettsformål og større andeler på museer og kunstproduksjon og -formidling.»

Museum og kunstformidling står for meir enn halvparten av dei samla utgifter på kulturområdet, og viser ein jamn auke i perioden. Størst auke er det i utgiftene til kunstproduksjon, særleg når vi inkluderer Oslo. Idrettsutgiftene svingar mykje. Bibliotek er taparområdet også i fylkeskommunen. «Andre kulturutgifter» omfattar allment kulturarbeid av ulik slag og kulturminnevernet.

Når det gjeld fylkeskommunane på Vestlandet, ser vi at dei årlege variasjonane er store innanfor dei ulike delområda. Det er vanskeleg å finne klare fellestrekk ved utviklinga av kulturbudsjetta i dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. Her viser ein til vedlegg for meir utfyllande informasjon om den enkelte fylkeskommune. Kulturen sin prosentdel av dei samla driftsutgiftene i fylkeskommunane har vore stabil (låg) siste åra. Tendensen sidan 2006 er at prosentdelen går svakt nedover.

### ***Statlege midlar til Vestlandsfylka***

Ser ein på løyvingar til institusjonar og tiltak over KUD-budsjettet fordelt p.r. innbyggjar kjem Hordaland best ut. Samtidig kjem Hordaland kjem dårlegast ut når det gjeld utvikling av løyvingane i heile perioda. I auke av midlar kjem Sogn og Fjordane klart best ut i første periode (og samla for perioden 2005-13), mens Møre og Romsdal kjem best ut i siste periode. Ser ein på statlege midlar i 2013 er det Møre og Romsdal og Rogaland som kjem dårlegast ut.

### ***Storbyane Stavanger og Bergen samanlikna med Oslo og Trondheim***

På bakgrunn av den diskusjonen som er reist om statlege kulturutgifter i Oslo samanlikna med statlege kulturutgifter i den andre større norske byane ønskjer fylkesrådmannen å sjå nærare på utviklinga av kulturutgiftene samla og til ulike formål i storbyane i landet. Dette gjeld vestlandsbyane Stavanger og Bergen, og i tillegg Oslo og Trondheim.

Tabell 11 og 12 i vedlegget viser kulturutgiftene samla og som del av totale kommunale driftsutgifter for desse fire byane.

Tabellane viser at Stavanger kommune gjennom heile perioden har hatt (betydeleg) høgare kulturutgifter enn dei tre andre byane og peikar seg ut som «kulturbyen». Stavanger brukar òg ein høgare del av kommunens samla driftsbudsjett til kulturformål enn det dei tre andre storbyane gjer. Kulturutgiftene i Stavanger gjorde eit stort hopp i 2006, truleg i samband med førebuingane til Kulturby Stavanger 2008. I dei tre andre byane har det vore ein meir jamn, men ikkje heilt lineær, utvikling. Trondheim kommune har lågast kulturutgifter per innbyggjar. Sjølv om Oslo kommune har hatt tydeleg auke i løyvingane til kultur i perioden 2010-2013, ligg byen lægst av dei fire byane når det gjeld prosentdel av samla driftsutgifter til kulturformål. Slik har mønsteret vore heile perioden 2005-12.

Også i storbyane er det idretten og kulturbygg, særleg i Stavanger og Oslo, som har fått eit løft. Stavanger har også auka løyvingane til museum og kunstformidling sterkt. Taparane i storbyen er, som i landet elles, folkebiblioteka og aktivitetstilbod for barn og unge. Her har det i hovudsak vore realnedgang i løyvingane i alle byane. Omfanget og perioden varierer litt mellom byane. For meir utfyllande informasjon om den enkelte storby, sjå vedlegg.

Ser vi på statlege løyvingar til kultur i dei to storbyane på Vestlandet; Bergen og Stavanger, ser vi at Bergen i heile perioden ligg godt over Stavanger. Dette kan m.a. truleg forklarast med at Bergen har fleire kulturinstitusjonar som nyt godt av statlege løyvingar. Begge byane ligg godt under det nivå som er på statlege løyvingar pr innbyggjar til kultur i Oslo.

### ***Konklusjon – utviklingstrekk Vestlandet***

Hovudfunna er at det ikkje har vore noko løft for «begivenhetskulturen» på Vestlandet slik Enger-utvalet konkluderer med for landet sin del i si utgreiing.

Også i vestlandskommunane er det idrett, idrettsbygg og kulturbygg som er dei eintydige klare vinnarane i kampen om dei kommunale kulturkronene i perioden 2005-2012. Den klare taparen er samleposten «andre kulturutgifter» saman med aktivitetstilbodet til barn og unge og folkebiblioteket.



Kulturen sin prosentdel av dei samla driftsutgiftene i fylkeskommunane har vore stabil i perioden. Tendensen sidan 2006 er likevel at prosentdelen går svakt nedover. Det er vanskeleg å finne klare fellestrekk ved utviklinga av kulturbudsjetta i dei fire fylkeskommunane på Vestlandet. Løyvingane til ulike føremål varierer. Dette kan også ha med ulik KOSTRA-rapportering å gjere.

Når det gjeld fylkesfordelte statlege kulturloyvingar er det slik at i perioden 2005-2013 så har dei stalege kulturloyvingane til «distrikta» auka prosentvis meir enn til statlege kulturloyvingar i Oslo. Hordaland ligg jamt høgt når det gjeld statleg løyving til kultur pr innbyggjar, samstundes som Hordaland også er det fylket som har hatt prosentvis svakast vekst i løyvingane per innbyggjar av alle fylka. Sogn og Fjordane har hatt stor auke både i kroner pr innbyggjar og i prosent. Rogaland og Møre og Romsdal ligg mellom, med ein prosentvis større auke pr innbyggjar i Møre og Romsdal enn i Rogaland.

## **VI. Oppsummering/konklusjon**

Fylkesrådmannen meiner det er grunn til å gje honnør for det arbeidet som Enger-utvalet har utført, og støttar opp om hovudkonklusjonane i tilrådingane frå utvalet. Fylkesrådmannen peiker på at utgreiinga manglar ei drøfting av strategiar for å sikre kulturelle kraftsentra over heile landet. Fylkesrådmannen er kritisk til den sterke posisjonen som Norsk Kulturråd har fått som forvaltar av økonomiske verkemiddel. Vestlandsrådet bør gå i dialog med staten og KS om korleis legge til rette for ei regional forvaltning av heile eller deler av verkemidla som er tilpassa ei ønska utvikling på Vestlandet; jf. politisk plattform.

### **Forslag til vedtak:**

1. Vestlandsrådet vil gi honnør til det omfattande utgreiingsarbeidet som er gjort på kulturfeltet, og som er lagt fram i *NOU 2013:4 Kulturutredningen 2014*. Arbeidet gir på ein god måte greie for utviklingstrekk innan norsk kulturpolitikk, og ein god analyse av dagens tilstand på kulturfeltet.
2. Vestlandsrådet vil i hovudsak støtte opp om utvalet sine tilrådingar om eit lokalt kulturloft for å gjenreise den kulturelle grunnmuren, og at statleg kulturpolitikk legg vekt på kunstnarisk innhald og kvalitet.
3. For å komme vidare i å utvikle den lokale kultursatsinga, er det Vestlandsrådet si oppfatning at staten bør gå i dialog med KS om korleis eit lokalt kulturloft best kan realiserast. Eit lokalt kulturloft må basere seg på ei erkjenning av kulturen sin eigenverdi. Samstundes vil den lokale styrkinga også vere godt eigna til å utvikle kulturen sin samspel med andre samfunnsområde.

4. Vestlandsrådet ønskjer ei utvikling innan kulturpolitikken som legg til rette for sterke kulturelle sentra over heile landet, og saknar ei drøfting av dette i utgreiinga. Rådet meiner at det innanfor dei nasjonale kulturpolitiske rammene bør leggjast til rette for å utvikle det lokale og regionale mangfaldet gjennom ei tydeleg regionalisering innan konkrete kulturpolitiske satsingsområde. Så langt har ein ikkje i den nasjonale kulturpolitikken teke ut heile vekstpotensialet som ligg i det lokale og regionale kulturlivet. Større lokal og regional handlefridom vil fremje det norske kultur mangfaldet og tilføre den norske kulturutviklinga ein stor meirverdi basert på lokale og regionale føremoner.
5. Vestlandsrådet er kritiske til den sterke rolla som Norsk Kulturråd har fått som forvaltar av store økonomiske verkemiddel. Vestlandsrådet meiner at heile eller deler av oppgåver, funksjonar og verkemiddelforvaltning som i dag er plassert i Oslo med fordel kan regionaliserast. Vestlandsrådet ønskjer å gå i dialog med staten og KS om korleis dette kan gjerast for Vestlandet sin del.

Tore Eriksen  
fylkesrådmann

*Dette dokumentet er godkjent elektronisk og har derfor ingen signatur.*